

Til LLE

Programstyret godkjende i møtet 25. januar 2021 programsensorrapporten for bachelor- og masterprogram for norrøn filologi 2020. Rapporten er skrevet av ekstern fagfelle i norrøn filologi, professor Ingvil Brügger Budal (Høgskulen på Vestlandet).

Programstyret noterer seg at rapporten gir ros til norrønmiljøet for å ha tilpassa seg koronasituasjonen i 2020. Programstyret tek òg til orientering at det i norrønmiljøet er stort undervisningsomfang for relativt få studentar samanlikna med andre fag, men at det samtidig har skjedd ein gledeleg auke i studenttalet på fleire emne. Det viser seg likevel at det har det vore ein del fråfall til eksamen, dvs. eit ikkje uvesentleg avvik mellom påmelde studentar og studentar som møtte oppmøtekrava for å ta eksamen.

Programsensorrapporten tek utgangspunkt i nokre konkrete utfordringar som det vart peikt på i førre programsensorrapport, dvs. for 2019 (av førsteamanuensis Kristel Zilmer). Av desse punkta ser det ut til at det har skjedd ei forbetring når det gjeld rutinar for nytilsette med undervisning- og vurderingsansvar. Det vert framleis ønskt meir systematisk emneinformasjon på Internett både på engelsk og norsk. Det er òg peikt på at miljøet bør kunne profilere seg tydelegare fagleg på Internett gjennom «ferskvarekurser» som vert haldne. Det er vidare framlegg til redaksjonell oppdatering av emneplanar.

Programsensorrapporten tek kort opp spørsmål om stillingssituasjonen og den generelle posisjonen til det norrøne fagmiljøet ved LLE. Programstyret føreset at fagmiljøet sjølv vil ta opp slike spørsmål, gjerne i samarbeid med ekstern fagfelle.

Bergen, 11. mars 2021

Endre Brunstad

leiar for programstyret for nordisk